



Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep
0030 OSLO

Høring - NOU 2015:15 «Sett pris på miljøet», rapport frå grøn skattekommisjon

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har gått gjennom rapporten frå Grøn Skattekommisjon NOU 2015:15 «Sett pris på miljøet». Vi har spesielt sett på forslaga som er relevant for matproduksjonen, og på virkemiddela som er retta mot jord- og skogbruk.

Kap 7.2.2 Utslepp av lystgass, avgift på N-gjødsel (klimagassavgift)

Avgift på N-gjødsel vil sannsynlegvis redusere utsleppa til luft og vann, og er slik sett positivt. Styrkt reduksjon om N gjødsel vil nødvendigvis gi lågare avlingar, og dette vil igjen stride mot andre viktige samfunns mål – mellom anna større lokal matproduksjon, og høgare sjølvforsyningsgrad. Fylkesmannen meiner at ønska reduksjon i nitrogengjødslinga burde vore diskutert og balansert mot målet om større innanlandsk matproduksjon.

Kap 7.2.3 CO₂-utslipp ikkje omfatta av avgift eller kvotar

I dette kapitlet blir det sagt mye om opptak og tap av CO₂. Fylkesmannen saknar vurderingar av ulik bruk av dyrkajorda og effekt dette vil ha på lagring eller tap av karbon. Det er ikkje tatt med at grasareala, med sitt store rotvolum bind karbon i jorda, mens open åker med for eksempel korn eller grønnsaker, reduserer karboninnhaldet, altså slepp ut CO₂. Dette burde også vært diskutert saman med utfordringa med metantap frå drøvtyggarar (raudt kjøtt) føra med grovfôr.

Kap 9.2.1 Jordbruk. Avgift på raudt kjøtt

Utgreinga tar opp metanutslepp frå drøvtyggarar (raudt kjøtt) som det viktigaste klimautsleppet frå jordbruket, og foreslår å redusere produksjonstilskot til raudt kjøtt for å senke produksjonen og dermed også klimagassutsleppet. Den diskuterer òg eit alternativ med avgift på alt raudt kjøtt, (både innanlandsprodusert og import) for å redusere forbruket.

Rapporten seier at redusert kjøttproduksjon (som konsekvens av redusert støtte) vil redusere arealbehovet, men det blir ikkje drøfta korleis frigjorte areal skal brukast. Storparten av

desse areala vil neppe gi grunnlag for alternativ matproduksjon. Reduksjon i produksjonen av raudt kjøt vil derfor gi redusert matproduksjon, som igjen er i strid med gjeldande politikk om å auke innanlandsk matproduksjon.

Rapporten ser på metanutslepp isolert, men det vert ikkje problematisert at dreining til kvitt kjøt aukar utsleppa knytt til transport og prosessering. Effektane av at fleirårige vekstar bind CO2 i jorda blir heller ikkje vektlagt.

Tiltaka burde generelt ha blitt sett vurdert i ein større samanheng. Utslepp frå ei produksjonsgrein lokalt eller nasjonalt gir eit altfor smalt grunnlag for tiltak, og ofte kjem tiltaka i direkte konflikt med andre viktige samfunns mål.

Kap 9.2.2.1 Forslag om fjerning av tilskot til bygging av skogsvegar og drift med taubane

I rapporten blir det foreslått at tilskotet til bygging av skogsvegar og tilskot til uttak av skog med taubane skal tas bort pga. fare for tap av biologisk mangfald. Fylkesmannen vil peike på at tiltak som gis støtte etter denne ordninga allereie er vurdert etter skogbrukslovgivinga og naturmangfaldlovens lovverk om miljøomsyn. Tiltak som ikkje kan tillatast på grunn av tap av biologisk mangfald vil verken få byggeløyve eller tilskot. Tilskot til taubane krev førehandsgodkjenning. I saksbehandlinga blir blant anna §8-12 i Naturmangfaldlova vurdert.

Møre og Romsdal er eit skogreisningsfylke der store areal er tilplanta med gran. Hogsten av desse areala har no starta og resultatata viser stor produksjon med gode virkeskvalitetar. Bygging av nye skogsvegar og utbetring av eksisterande vegar er nødvendig for at skogen skal nyttast berekraftig. Om lag 30% av det produktive skogarealet i Møre og Romsdal er definert som taubaneareal. I dag blir i hovudsak taubane berre nytta til uttak av gran. Skog og tømmerprodukt kan erstatte fossile produkt og andre energikrevjande materiale og vil ha ein viktig rolle i det grønne skiftet. Fjerning av tilskot til bygging av skogsvegar og drift med taubane vil føre til at store skogressursar ikkje blir nytta og nedgang i tilgang på klimavenlege produkt.

Kap 9.2.2.2 Forslag om at skogfondordninga ikkje kan nyttast til bygging av skogsvegar og til hogst i bratt terreng

Utbetaling av skogfond krev offentleg godkjenning. Rapporten viser til at skogfond kan nyttast til hogst i bratt terreng, dette er feil! Skogfond kan ikkje nyttast til hogst i bratt terreng jamn før Forskrift om skogfond § 11. Skogfundsordninga er ein veldig viktig ordning for skogbruket og kan blant anna nyttast til bygging av skogsvegar. Nye vegar krev som kjent byggeløyve. Nye vegar som ikkje kan byggast på grunn av tap av biologisk mangfald vil ikkje få byggeløyve og dermed vil heller ikkje skogfond bli brukt.

Med helsing

Frank Madsøy (e.f.)
Landbruksdirektør

Ottar Longva

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur